



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

| | | |
|------------|------------|--------------------|
| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 17.02.2016 | 10113/2016 | Marianne Hojem Bye |

HSAMU
8/16

Utval
Hovudsamarbeidsutvalet

Møtedato
23.02.2016

Revisjon av Møre og Romsdal fylkeskommune sitt permisjonsreglement

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt permisjonsreglement er tradisjonelt eit reglement der arbeidsgivar i prosa har gitt informasjon til leiarar og tilsette om kva for rett arbeidstakar har til permisjon etter lov og avtale og kva for situasjonar som kan utløyse permisjon. Siste revisjon av reglementet var administrativt i 2008.

I møte 29.april 2015 i sak -12/15 vart Hovudsamarbeidsutvalet orientert om pågåande prosess knytt til revisjon og endring i struktur av permisjonsreglementet. Kommentaranane frå møtedeltakaren, vist til i referat frå møtet, er integrete i vidare arbeid med revisjon av reglementet.

Teknologisk er det relevant å legge til rette for ei elektronisk/digital framstilling av permisjonsreglementet, og i samband med revisjonen vi no har gjennomført, er permisjonsreglement lagt ut elektronisk på Møre og Romsdal fylkeskommune si intranettside: <http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Lov-Avtale-Reglement2/Reglement-og-retningslinjer-personalomraadet/Permisjon/Test-prototype>

Vurdering

Strukturen:

- Kapittel 1 - Rammer
- Kapittel 2 - Rett til permisjon med lønn etter lov eller avtale
- Kapittel 3- Utdanningspermisjon
- Kapittel 4- Velferdspermisjon
- Kapittel 5- Permisjonsrettar for tillitsvalte
- Kapittel 6 - Andre permisjonar

Kapittel 1- Rammer

I samband med revisjonen av permisjonsreglementet er Møre og Romsdal fylkeskommune sin arbeidsgivarpolitikk lagt til grunn for leiar sitt ansvar for kompetansestyring. I Kapittel 1- Rammer, i innleiinga, er dette ei endring frå tidlegare permisjonsreglement;« Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om at alle fagmiljøa i organisasjonen skal vere prega av kultur for læring og utvikling. Permisjon er eit av fleire verkemiddel som kan understøtte læring og utvikling i organisasjonen. Arbeidsgivarpolitikken fastsett at prinsippa om kompetansestyring skal gjelde» .

Kapittel 2 – Rett til permisjon med lønn etter lov eller avtale

Permisjonsrett styrt av lov og avtale knytt til livshendingar som svangerskap, fødsel og omsorg er samla i eit kapittel; kapittel 2. Her det lagt inn lenke direkte til aktuelle lov- eller avtaleparagraf.

Arbeidsmiljøloven kap. 12 gir rett til permisjon, men berre unntaksvis rett til lønn. Folketrygdloven, kapittel 14 og 9 gir saman med Hovudtariffavtalen kap. 1, §8 og §9 informasjon om kva for ytingar som er relevante i samband med aktuelle permisjonsrett i kapittel 2.

Kapittel 3 - Utdanningspermisjon

Kompetanseutvikling med eventuell utdanningspermisjon er via eit eige kapittel, Kapittel 3- Utdanningspermisjon. Møre og Romsdal fylkeskommune sin arbeidsgivarpolitikk definerer leiar sitt ansvar for kompetansestyring og kompetansemobilisering opp mot måla for eininga, og behovet for tett dialog mellom leiar og medarbeidar for å sikre at medarbeidar tek utdanning som er relevant for verksemda/eininga sitt arbeid for å nå måla.

Kapittel 3 viser vidare til kva rett arbeidstakar har til permisjon med heimel arbeidsmiljøloven kap.12 § 12-11 og Hovudtariffavtalen kap. 1, § 14 i samband med utdanning/ kompetanseutvikling.

Kapittel 4- Velferdspermisjon

Kapittel 4 tar opp i seg Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 14, 2. ledd, permisjon ein arbeidstakar **kan få:**» Når viktige velferdsgrunner foreligger, kan arbeidstaker tilstås velferdspermisjon med lønn i inntil 12 arbeidsdager pr. kalenderår. Det kan avtales fleksibelt uttak av permisjonsdagene.»

I kapittel 4 er det gitt døme på livshendingar som kan utløyse slik velferdspermisjon.

Kapittel 5 – Permisjonsrett for tillitsvalte

Kapittel 5 gir oversikt over tillitsvalte sine rettar til permisjon etter Hovudavtalen.

Kapittel 6- Andre permisjonar

Kapittel 6 gir oversikt over andre situasjonar som kan utløyse permisjon frå arbeidet.

Forslag til vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet vedtar revidert permisjonsreglemenet for Møre og Romsdal fylkeskommune med dei endringane som er vist til saken når det gjeld innhald i Kapittel 1- Rammer, innhald i Kapittel 3- Utdanningspermisjon og dei strukturelle endringane.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann